



Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:

25.03.2024

Vår ref:

2023/513

Dykkar dato:

Dykkar ref:

2014/00584-39

Norge vassdrags- og energidirektorat

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hermund Mjelstad, 5764 3124

Høyring av revisjonsdokumentet for reguleringa av Aurlandsvassdraget

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell viser til motteke høyringsbrev 11.12.2023 frå NVE.

Bakgrunn

NVE har i brev av 30.11.2022 vedteke at vilkåra for konsesjonane for Aurlandsvassdraget skal reviderast (Kgl. res. av 29.09.1969 og Kgl. res. av 25.07.1975) Revisjon er kravd av fleire instansar, m.a. av villreinnemnda i brev til NVE 28.02.2017. Vi viser derfor til dette brevet i tillegg til vår uttale her.

Det er verdt å merke seg at det i tida etter revisjonskravet frå villreinnemnda i 2017 har skjedd store endringar i fokuset på, og forvaltninga av villreinbestandane i Noreg. Kunnskapen er og auka monaleg, ikkje minst gjennom kvalitetsnormen for villrein som vart vedteke 23.06.2020,

[Kvalitetsnorm for villrein \(Rangifer tarandus\) - Lovdata](#)

Den første klassifiseringa kom 25.04.2022, [Kvalitetsnorm for villrein – første klassifisering \(nina.no\)](#) der Nordfjella ble klassifisert med raud status, dvs. dårleg kvalitet. I Nordfjella er det vist til veger og vasskraftutbygging, som saman med ferdsle i utsette område har stor negativ effekt på villreinens vandringer og trekk. I tillegg kjem helsesituasjonen med utbrotet av CWD (skrantesjuke).

I oktober 2022 vedtok regjeringa å starte arbeidet med ei eiga stortingsmelding for villrein [Regjeringa vil betre tilhøva for villrein i Noreg - regjeringen.no](#), der det blir streka under at det er stort behov for å betre tilhøva for villreinen i Noreg. Samstundes med dette vedtaket vart det varsla oppstart av tiltaksplanarbeid for dei ti nasjonale villreinområda etter kvalitetsnorma for villrein. Stortingsmeldinga er venta skal bli lagt fram våren 2024.

Tiltaksplanen for Nordfjella, og dei andre nasjonale villreinområda, vart levert frå Statsforvaltarane til Miljødirektoratet 1. desember 2023 [Tiltaka som skal redde Europas siste villrein - Miljødirektoratet](#)

E-postadresse:
sfvpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen
114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no



(miljodirektoratet.no). Planane er etter dette oversendt Klima- og Miljødepartementet for vidare arbeid der, m.a. i samband med den nye stortingsmeldinga. Tiltaksplanane vil bli sendt ut på ei eiga høyring i 2024 og vil venteleg bli vedtekne i 2025.

Vurdering

Både stortingsmeldinga om villrein og vedtekne tiltaksplanar for dei nasjonale villreinområda vil kunne ha innverknad på korleis revisjonen av Aurlandsvassdraget skal slutførast. Og som eit tilleggsmoment kjem at villreinbestanden i sone 1 (som er skote ut) skal reetablerast, [Reetablering av villrein i Nordfjella - Aurland kommune](#) men det er ikkje teke avgjerd om når eller korleis denne reetableringa skal skje. Både sone 1 og sone 2 i Nordfjella ligg m.a. innafor Aurlandsvassdragets grenser.




Fig.1. Oversiktskart over kraftverk, magasin, dammar og vatnvegar i reguleringssystemet i Aurland. (Henta frå revisjonsdokumentet)



I tiltaksplanarbeidet for Nordfjella er det fokusert på tiltakspakker frå A - E, og tiltakspakke A er avgrensa til området Geiteryggen – fv 50 – Nyhellermagasinet – Kongshelleren. Det er fleire tiltak under pakke A, nokre omhandlar hyttetilbod og sti- og løypenett som bør endrast, tiltak knytt til fv 50, og viktigast i denne samanhengen er forslaget om landbru ved/over Kongshellersundet/Vampen. Her kan det ved ei god utforming kunne etablerast ein trekkveg som gjer det enklare for villreinen å nytte fjella sør og vest for Nyhellermagasinet.

Vi vil og peike på det arbeidet som skal starte med rehabilitering av Nyheller hovuddam med oppstart i 2024 og som skal gå over tre sesongar. Det må vurderast om det her kan vere nokre moglege «samkøyringseffektar» ved å sjå på tiltaket om ein type landbru ved Kongshellersundet og damrehabiliteringa samstundes.

Generelt er det villreinnemnda sitt synspunkt at det ikkje er ønskjeleg med omfattande trafikk/ferdsle på anleggsvegane inn i området. Dette gjeld m.a. vegen til Nyhellermagasinet, men og vegen til Vargevatn. Ei løysing for å redusere bruken er å setje opp bom, som ikkje er låst, noko som truleg vil stogge mange frå å køyre inn.

Ser vi på heile Nordfjella villreinområde, og mange av dei andre nasjonale villreinområda, er det ikkje tvil om at dei mange vasskraftutbyggingane har hatt, og har, vesentlege negative effektar på villreinbestandane. Men det er og like klart at dei negative effektane verkar saman med andre moment i villreinfeltet. Først og fremst ferdsel, både motorisert og ikkje, sti- og løyper, turisthytter sentralt i villreinområda, omfattande hytteutbygging i randsonene til villreinområda, utstrekt køyring av skiløyper, og generelt auka ferdsel inn i sentrale villreinområde. I sum gjev dette dårlegare vilkår for ein sunn og god villreinbestand.




Fig. 2. Flyfoto over Nyhellerområdet i dag.




Fig. 3. Flyfoto over Nyhellerområdet frå 1966.

Dei to bileta viser klårt endringane i negativ retning, spesielt for trekkvegane nord – sør ved Nyhelleren. Klarer ein å reetablere det gamle trekket over Vampen/Kongshellersundet vil det kunne vere positivt for villreinen i heile dette området. Etter reguleringa er og tilkomsten til Vampen frå området i nord-aust vanskelegare. Det gamle flyfotoet frå 1966 viser samanhengande areal/land som no er oppdelt av fleire mindre øyar og sund. Ei reetablering av dei gamle trekkvegane bør derfor og ta med tiltak som kan mogleggjere kryssing her frå området Volanutane – Øljuhelleren/Saupsengen til Vampen og vidare.

Viddalsdammen er eit anna sentralt punkt som har råka villreinens trekkmonster. Her trekker reinen i samband med vinterbeite og i kalvingstida. Området på nordsida av magasinet må sikrast slik at villreinen i størst mogleg grad kan krysse her uhindra. Seinast våren 2023 (mars) trakk ein flokk over her mot Lyngvellene som er kalvingsland. Forholda ligg derfor godt til rette her for at trekkruta kan bli permanent, men det er avhengig av lite trafikk og ferdslø i området på denne tida, og det er ikkje positivt med tidleg opning av vegen opp til dammen.

Tilrådingar frå villreinnemnda til krav i revisjonen av Aurlandsvassdraget

- Landbru må utgreiast over Kongshellersundet/Vampen ved Nyhellermagasinet
- Sikre trekkruta til Vampen frå nord ved Volanutane – Øljuhelleren/Saupsengene.
- Sikre trekk-korridoren på nordsida av Viddalsdammen.
- Vurdere korleis ein kan redusere ferdsla/køyring på anleggsvegane til Nyhelleren, Vargevatnet og Viddalsdammen.
- Oppretting av villreinfond i storleik tilsvarande andre samanliknbare revisjonar.



Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent